

Allmenne føresegner for dåp

Dåpen høyrer til vanleg med i hovudgudstenesta. Ein kan òg ha dåp i ei eiga dåpsgudsteneste.

Barnedåp

1 Det er eit vilkår for dåp av born at dei får oppseding i kristen tru. Når borna blir døypte, ventar derfor kyrkja at dei skal ta del i den trusopplæringa som kyrkja gjev.

2 Den norske kyrkja reknar med at den som er medlem i kyrkja, melder barnet sitt til dåp. Dersom det let seg gjera, bør barnet døypast før det er fire månader.

3 Dåp skal meldast i god tid til kyrkjekontoret. Der geografiske eller andre tilhøve ikkje er til hinder, skal presten eller ein annan på vegner av presten ha samtale med foreldra om dåpen og dåpsliturgien før barnet blir døypt.

4 Barnet skal ha minst to fadrar, og dei må ha fylt 15 år. Foreldra kan ikkje vere fadrar. Minst to av fadrane må vera til stades i dåpen.

5 Fadrane tek på seg viktige oppgåver med å gje barnet opplæring i den kristne trua og må veljast med det for auget. Fadrane må vera medlemmer i Den norske kyrkja, eller dei kan vera andre kristne som ikkje forkastar barnedåpen. Presten ser til at valet av fadrar er i tråd med desse vilkåra. Dersom det blir aktuelt å utelata som fadder ein medlem i Den norske kyrkja som har fylt 15 år, skal saka leggjast fram for biskopen.

Dåp av vaksne

6 Før dåp av vaksne skal presten prøva den kristne kunnskapen og haldninga til dåpskandidaten og sjå til at han eller ho får ei tilpassa undervisning og rettleiing før dåpen.

7 Den som skal døypast (dåpskandidaten), skal ha minst to fadrar, og dei må ha fylt 15 år. Foreldra kan ikkje vera fadrar. Minst to av fadrane må vera til stades i dåpen. Sjå elles punkt 5 om val av fadrar.

8 Unge som ønskjer å bli døypte i konfirmasjonstida, bør helst døypast etter dei ordningane i dåpsliturgien som gjeld dåp av store born, unge og vaksne. Dersom dei ikkje har nådd den religiøse myndigalderen, blir innmeldinga til konfirmasjon rekna som samtykke frå foreldra eller frå den som har foreldreretten, til at dei kan døypast.

Nauddåp

9 Eit udøypt barn som ikkje kan takast med til kyrkja fordi det er sjukt eller veikt, eller på grunn av andre spesielle tilhøve, kan døypast på sjukehus eller heime. Det same gjeld vaksne som ikkje er døypte.

10 Nauddåp av born krev samtykke frå minst éin av foreldra.

11 Dersom det ikkje er råd å få kontakt med presten (på sjukehuset eller i kyrkjelyden), eller dersom presten ikkje kan nå fram i tide, kan kven som helst som respekterer den kristne dåpen, døypa barnet.

12 Dåpsvatnet skal helst vera temperert, og det bør slåast opp i eit fat før sjølve dåpshandlinga byrjar.

13 Ved nauddåp treng ein ikkje nemna noko namn på barnet dersom det enno ikkje har fått namn.

14 Nauddåp er ein fullt ut gyldig dåp, og den som er døypt med nauddåp, skal ikkje døypast igjen. For at det skal vera ein gyldig dåp, må den som står for handlinga, i det minste seie fram orda “Eg døyper deg til namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage ande”.

15 Foreldra bør vera til stades så sant dei kan. Det skal helst vera minst to vitne til stades i tillegg til den som døyper. Foreldra kan vera vitne.

16 Vitna er ikkje fadrar. Dei skal kunna stadfesta at dåpen er utført. Andre plikter har dei ikkje. Foreldra kan seinare bestemta kven dei ønskjer som fadrar til barnet.

17 Den som har utført nauddåp, sørgjer for å melda frå til prestekontoret på sjukehuset eller i kyrkjelyden der barnet er døypt.

Stadfesting av nauddåp

18 Dersom eit barn som er døypt med nauddåp, lever opp, skal foreldra etter avtale ta med barnet til kyrkja i samband med ei av dei ordinære gudstenestene. Her skal det gjerast kjent at barnet er døypt, og barnet skal presenterast for kyrkjelyden. Det same gjeld for ein vaksen som er døypt med nauddåp.

Heimedåp

19 Der det er laga ein praksis for dåp i heimen, kan biskopen godkjenna heimedåp etter fastsett liturgi (jf. mellom anna sak KR 60/08).